

Referat frå årsmøtet 2010

Årsmøtet vart halde på Rica Maritime hotell i Haugesund 19. og 20. februar 2010.

Referert av Marie Fuglestad

Opning og velkomst.

Møteleiar Sigmund Skjæveland, Bjerkreim, ynskte velkommen til årsmøtet og håpte at me fekk 2 gilde dagar i Haugesund. Det var Nedstrand Sau og Geit i Tysvær kommune som stod for årsmøtet. Sigmund ga ordet vidare til leiar i Nedstrand Sau og Geit, Magnar Helgeland. Lokallagsleiaren ynskte og velkommen til årsmøtet og sa at dei hadde tenkt å avhalda årsmøtet i Nedstrand. Lokallaget tenkte då å ha årsmøtet i båt ved kai, men det hadde ikkje lukkast. Han ga så ordet vidare til ordfører i Tysvær, Harald Stakkestad.

Ordføreren ynskte velkommen til Haugesund og Tysvær. Han tykte det var imponerende at Rogaland Sau og Geit var eit så stort fylkeslag. Sjølv var han oppvaksen på gard og hadde vore med å teke imot lam. I Tysvær står landbruket sterkt og er og viktig for anna næringa i kommunen. Tysvær har bortimot 10.000 innbyggjarar og kommunesenteret ligg i Aksdal. Her er det planer om å bygge hotell, og bygging av Aksdal Næringspark har nettopp byrja. I næringsparken er det fyrst og fremst aktørar innafor transportbransjen som vil etablere seg. Aksdal er et viktig knutepunkt for transport, og den nye parken kan bidra til å løfte heile regionen.

Kulturlandskapet er viktig for kommunen, så sauene er med på å hindra gjengroing på hei og langs vegane. Til slutt oppmoda han sauebøndene til å stå på.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sigmund orienterte om små endringar i sakslista. Budsjett og handlingsplan var utsett til laurdag. Årsmøtet hadde ingen kommentar. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Opprop av årsmøtedeltakarane.

Opprop av 1.varamedlem i RSG Per Johan Lyse.

8 lokale lag (Forsand, Jøsenfjord, Kvitsøy, Sandeid, Sauda, Sola, Ølen og Årdal) hadde ikkje utsendingar til årsmøtet.

Val av 2 til å skriva under møteboka.

Jon Egil Østerhus og Knut Thunheim vart valde til å skriva under på referatet.

Tale av leiar i Rogaland Sau og Geit, Ole Jonny Espevold.

Ole Jonny sa at han set stor pris på å få koma ut til lokallaga. Han har merka seg at lokallaga viser stor oppfinnsomhet for å få medlemmane til å møta opp.

Nedstrand Sau og Geit ville leiga båt til dette årsmøtet, men dette gjekk i vasken på grunn av liten eller ingen respons frå utleigar.

2009 har vore eit godt år å vera sauebonde. Slaktekvaliteten på lamma har gått opp og feittprosenten har gått ned. Elles fekk me full utteljing for siste års jordbruksforhandlingar. Geitebøndene har og fått godt for mjølka. Likevel er det viktig å stå på for å halda tritt med andre samfunnsgrupper. I 2009 vart RSG politianmeldt i "jervesaka". Politiet ville avslutta saka, men Fylkesmannen ville statuere eit eksempel. Direktoratet for Naturforvaltning har frist til 25 .d.m. til å koma med innspel, elles må saka leggjast vekk.

Denne veka er det sett både jerv og gaupe. Ole Jonny minna om at det er viktig å melda frå om tapte dyr, sjølv om skjemaet som må fyllast ut, både er vanskeleg å forstå og å fylla ut.

Medlemstalet er temmeleg stabilt. I 2009 var det ein nedgang i medlemstalet på 21 medlemmer. Men vervinga er allereie godt i gang dette året. Styret i RSG fekk gode tilbakemeldingar etter leiarmøtet. Etter påtrykk frå sentralt hold har RSG hatt ein organisasjonsgjennomgang. Desse kursa har Øyvind Bergøy hatt ansvaret for.

Den digitale verda har nådd NSG. Dei arbeider med å utvikla internett- og intranettsidene. Dei starta med intranettsidene, som i fyrste omgang er mynta på eigne tilsette, og sentrale tillitsvalde samt fylkeslaga. Intranettet vart teke i bruk i haust. I løpet av 2010 vil NSG leggja om internettsidene og få eigne sider til avl, gjetarhund, og beitebruk m.m.

Etter at Nortura har sagt opp fleire fylkessekretærar, skulle NSG ordna opp i dette, men lite skjedde. Nortura har seinare tilbydt RSG ny sekretær, Karluf Håkull, noko som styret i RSG gjekk inn for. Regnskapet viser dette året eit underskot på kr. 113.000,-. Dette skuldast i stor grad kurs for unge sauebønder, som RSG ser på som eit godt og nyttig kurs.

RSG har motteke brev frå Mattilsynet der dei skriv at det er viktig å hindra spreiding av smitte ved henting av slakt. Det er i 2009 påvist blåtunge, klassisk skrapesjuka og smittsam fotråte i sauebesetningar i Rogaland. Han understreka kor viktig det er å ha friske dyr, og sa at næringa har ei stor utfordring i å hindra smitte.

Til slutt takka han styret for godt samarbeid.

Kommentarar:

Hallvard Veen kommenterte transport av slakt. Slakteria må sei at dei ikkje hentar dyr frå fleire besetningar på same staden.

Trygve Ravndal sa at han ikkje forstod problemet. Dyra vert jo sende til slaktehuset.

Til dette kommenterte Sigmund Skjæveland at problemet var at dyr frå fleire besetningar vart samla i eit sauhus før dei vart sende til slakt.

Ola Jordebrenk viste til at i Suldal vart dyra leste på tilhenger og derifrå rett i slaktebilen. Dette var ein grei måte å hindra smittespreiing.

Harald Sleveland sa han hadde høyrte at dyrlegar kunne få fatt i koboltkuler frå Australia. Han lurte på om RSG kunne gjera noko slik at desse kom til Noreg før lammesesongen.

Jan Helge Havsø spurte om RSG følgjer opp dei lokallaga som ikkje stiller på leiarmøtet eller årsmøtet. Til dette sa Ole Jonny at RSG arbeider med saka.

Årsmeldinga 2009.

Arnhild Skjørestad gjekk gjennom årsmeldinga. Ola Jordebrenk kommenterte at Forsand høyrer inn under valregionen Nord-Jæren og ikkje Ryfylke som det står i årsmeldinga. Magne Jakob Bjørheim frå Strand sa at han tykte det var rett at Forsand høyrde inn under Ryfylke, for Strand og Forsand hadde ein god del samarbeid. Ole Jonny skulle undersøkjja.

I ettertid viste det seg at det var bestemt på årsmøte i 2007 at Forsand skal høyra inn under valregionen Ryfylke.

Knut Thunheim sa at det burde stå ei sida i årsmeldinga kven som opp gjennom tidene (t.d. etter 1985) har gjort ein gjev innsats for småfehaldet og lagsarbeidet og difor fått RSG sin æresdiplom. Han kommenterte også at det måtte gjerast noko med villsau. Øyvind kommenterte at RSG må arbeida for at alle saueinteresserte også dei som bare har villsau, er samla i ein organisasjon. Ole Jonny viste til at RSG har sendt brev til NSG i høve denne saka.

Jan Helge Havsø ynskte at RSG utfordra lokallaga til å koma med innspel i årsmeldinga. Til dette sa Ole Jonny at årsmeldinga i grunnen vart stor nok, og at det var ei utfordring for lokallaga å senda inn sine årsmeldingar til RSG.

Jon Egil Østerhus ynskte å få årsmeldinga tilsendt tidlegare. Kjell Åge Torsen foreslo at fylkeslaget kunne senda ut årsmeldinga med post og fakturera lokallaga. Hallvard Veen sa at når det kostar 25,- kr for å senda ut ei årsmelding vil dette verta for dyrt. Kjell Åge meinte at det gjekk an å senda årsmeldinga elektronisk. Ole Jonny meinte at det var viktig at medlemmane

fekk årsmeldinga på papir. Magne Jakob Bjørheim ynskte ei ordning med både og, dei lokallaga som hadde e-post kunne få elektronisk. Jan Helge Havsø avslutta med at årsmeldinga var fin og at det var viktig med papirutgave i tillegg til elektronisk.

Årsmeldinga vart godkjent.

Rekneskap for år 2009.

Leif gjekk gjennom rekneskapet for 2009. Sigmund kommenterte revisormelding: ”Revisorane likar ikkje trenden med den aukande størrelsen på underskotet dei 3 siste åra.” Hallvard Veen lurte på om det var planer om kor det kunne sparast. Ole Jonny og Øyvind kommenterte at kurs unge bønder og heimekåring hadde vorte dyrt, men at det var viktigare for styret med aktivitet enn store bankinnskot. Andre kommentarar var at den delen av kontingenten som går til RSG hadde auka med 100.000. Men dette er satsar som NSG bestemmer og dette utgjør kr. 50 pr. medlem.

Rekneskapet vart godkjent.

Ole Johan Vierdal frå Rogaland Bondelag hadde ikkje høve til å vera med på laurdagen. Han takka RSG for godt samarbeid. Sauemøtet i Ølen var eit stort og fint arrangement og han sette stor pris på samarbeidet med Ole Jonny. I Rogaland Bondelag hadde dei og hatt den same diskusjonen angående elektronisk årsmelding. Hans meining var at dei unge må få årsmeldinga elektronisk.

Han ynskte lykke til vidare med årsmøtet.

Inter- og intranett.

NSG har utarbeidd eit spørjeskjema om nettbasert kommunikasjon i NSG. Ole Jonny delte ut skjema som medlemmane i NSG skulle fylla ut.

Trygve Ravndal overrekte eit hefte til Ole Jonny. Heftet ”Spreiing av husdyrgjødsel på beite” var eit fint hefte laga av Magnus Søyland.

Tale av Hadle Nevøy.

Hadle Nevøy, nyutnevnt landbruksdirektør i Rogaland stilte spørsmålet:

Korleis kan ein påverka rammevilkåra for småfeproduksjonen i Rogaland?

Landbruket har mange samfunnsoppgåver og skal i tråd med samfunnets behov:

- Produsera helsemessig trygg mat av høg kvalitet etter forbrukarens behov.
- Produsera andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine resursar.
- Produsera fellesgodar som livskraftige bygder, eit breitt spekter av miljø- og kulturgoder, og ei langsiktig matforsyning.

Det er stadig større behov for mat i verda, og FAO (Food and Agriculture Organization) har rekna ut at produksjonen av mat må auka med 50 % innan 2030 og doblast innan 2050. Alle land har ansvar for å auka matproduksjonen. I 2030 vil det vera ca. 1 million fleire nordmenn.

I tillegg til det auka behovet for mat, er landbruket pålagt å redusera utslepp av CO2 med 1,1 millionar tonn innan 2020. Samtidig skal landbruket sørge for auke i CO2 fangst i planter. I dette høvet har det kome forslag om forbod mot nydyrking av myrjord. Dette fordi myra lever vidare og samlar CO2 om ein ikkje grøftar ho.

For å nå desse måla er det viktig å bruka alt landbruksareal i landet. Auka beiting er eit viktig tiltak, og såleis auka satsing på produksjon av raudt kjøt og mjølk. Rogaland har naturgitte beiteressursar som kan utnyttast av småfe og storfe.

For å greia dette er det viktig for bonden å ha stabile, langsiktige rammevilkår, som kan sikra effektive marknadsordningar og grunnlag for lønsemd gjennom prisar og overføringar. For følsame produkt er det viktig med effektivt grensevern. For bonden sjølv er det viktig med kompetanse og ståpåvilje. Dessutan kan han sjølv vera med å påverke rammevilkåra gjennom å:

- Vera aktiv i politiske prosessar. – Lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Tenke strategisk i val av omsettingskanalar. – Marknadsmakt i staden for kortsiktig prisgevinst. – Prøva å unngå at daglegvarekjedene overtek meir av verdikjeda.
- Ta forbrukaromsyn på alvor. – Sikre posisjonen som forbrukarane sitt fyrsteval ved kjøp av matvarer.

Som styringsverktøy held Fylkesmannen i Rogaland på å utforma Regionalplan for landbruk. Planen skal setja landbruket på dagsorden i regional utviklingspolitikk og vil vera eit politisk verkemiddel som styrkar og utviklar landbruket i Rogaland.

På nasjonalt nivå skal det koma ei ny Stortingsmelding som skal avløysa Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000). Sidan denne meldinga kom, har det i landbruket vore store strukturendringar med færre og større aktive produksjonseiningar.

Hadle Nevøy oppfordra bøndene til å koma med innspel til Regionalplanen for landbruk. Høyringsforslaget til denne er truleg klart i september i år. Nevøy peika på at det var viktig med tydelege og løysingsretta innspel til politiske prosessar. Han avslutta med at optimisme avlar optimisme – pessimisme avlar pessimisme.

Arnhild Skjørestad spurte så Hadle Nevøy om Fylkesmannen kunne gripa inn dersom kommunen ville ta jordbruksjord. Svaret var då at dei kunne, men det ikkje var sikkert at dei greip inn.

Øyvind Bergøy sa at på fleire stader var han sikker på at fleire hus vil styrka framtida enten det var på byggefelt eller på gardsbruk. Til det svara Nevøy at han ikkje ville lova å vera positiv til spreidd busetting. Øyvind viste då til eit tilfelle der 2 ungdommar ville bu på Randøy og kunne få gratis tomt av foreldra. Det vart ikkje godkjent av Fylkesmannen. 200 m unna kunne dei få kjøpa tomt av naboen for 1.500.000 kr. Dette var det sjølv sagt stor forskjell på for ungdommane. Nevøy sa at ei fråskilt tomt er eit salsobjekt og at det var viktig på grunn av trafikk og forhold rundt eit buforhold å ha det med i kommuneplanen. Øyvind var kritisk til at det var så mykje lettare med hyttetomtar enn hustomtar.

Per Johan Lyse viste til at Nevøy hadde vore inne på at matproduksjonen måtte aukast. Hans ynskje var at Fylkesmannen ikkje gjekk inn for å auka satsing på villsau. Dette ville Nevøy ta til orientering og ikkje misjonera for villsau.

Severin Fatland var einig i at det var viktig å sikra busetting og at skjerpa regelverk ikkje var naudsynt. Han opplevde det slik at lokale styre i mange tilfeller var positive medan Fylkesmannen var negativ

Jan Helge Havsøy ville ha beiteplan i alle kommunar. Han ynskte at "Spreing av husdyrgjødsel på beite" som Magnus Søyland hadde laga vart kopiert til alle lokallaga.

Hallvard Veen tykte at regionalt tilskot burde brukast på sau og geit. Til det svara Øyvind at organisert sauesanking er auka til kr. 11 pr. sau.

Sigmund Skjæveland ville vita kor snart han måtta dyrka myrane sine. Til det sa Nevøy at han burde søkja i morgon. men forbod mot dyrking av myr er ennå ikkje vedteke.

Ole Jonny takka Hadle Nevøy for innlegget og overrekte RSG si krus og blomar.

Ole Jonny opplyste at det var Dalane sin tur til å ha årsmøte neste år.

Ellers selde Arnhild RSG sine T-skjorter til kr. 100 pr. stk.

Jordbruksforhandlingane 2010.

Øyvind Bergøy sa at i saueproduksjonen var 3 element ca. like store. Det var inntekt, tilskot og produksjonsutgifter. Han oppfordra til å studera "lefsa" frå staten, for å få mest mulig ut av tilskotordningane. Sjølv om målprisen kan vera vanskeleg å ta ut, er den viktig og bør aukast både på lammekjøt og geitemjølk. At ein får meir tilskot for dei fyrste 50 sauene, bør det gjerast noko med. Dei fleste som byggjer sauhus, byggjer ikkje for mindre enn 200 sauer. Elles bør tilskot til ferieavløysing aukast. Kr. 60.000 (som beløpet er i dag) rekk ikkje langt når ein skal ha fleire helgefri pluss ferie. Denne bør aukast til kr. 75.000. Tilskot til beitedyr bør aukast, og

minstetid på beite har vore forskjellig etter distrikt. Denne bør vera 12 veker. Grunntilskot til lammeslakt bør vera lik for alle lam over 9 kg lammeslakt.

For å betra vilkåra for nye brukarar og dei som p.g.a. store rovdyr tap må ha store påsett, går RSG inn for at teljedato for sau ved søknad om tilskot til husdyrhald vert endra til 01.08.

I tillegg er det påkravd med betre finansieringsordningar ved investering i nybygg og modernisering av bygg. Dette ved større løyvingar for tilskot og lån gjennom Innovasjon Noreg.

Elles bør det vera muligheiter til å setja av midlar og investera i bygningar.

Orientering frå Avlskonferansen v/ Bjørn Høyland

Bjørn starta med å spørja kor tunge me ville ha lamma framover. Han sa at lamma no er frå 18-22 kg. Når det gjelder fett, ser det ikkje ut til at forbrukaren får dei tynne nok, men kvaliteten på lammekjøtt er topp! Elles er det viktig å få selt mest mulig bein, som til dømes i pinnekjøtt o.a. Dette gjer at me klarer å ta ut ein høgare kilopris i markedet.

Nortura har lagt ned farlinja. Skal NSG og avlssida leggja ressursar i dette?

Nå er det innført veging av søyer blant ringmedlemmane. Her er det snakk om kor mykje arbeid ein kan leggja på ringmedlemmane. Han meinte at det var betre å gjera noko med dei tala som ligg inne i sauekontrollen. Ca 28 prosent av sauebøndene og ca. 40 prosent av sauene er med i sauekontrollen.

I Rogaland er det på trappene med ei ny soneforskrift p.g.a. smitte. Er det fornuftig å byrja med dyrlegeattest ved sal. Alternativ er å setja grense ved kommunegrensene ved kjøp og sal for å få mindre "smittegrupper". Bjørn tykte det var viktig at heile Rogaland vart behandla likt. Han sa elles at han tykte det var betre med dyrlegeattest enn å dela i kommunar.

Utdelingar under festmiddagen fredag kveld.

Nedstrand sau og geit er vert denne kvelden. Dei hadde satsa på eit musikalsk og eit stand-up innslag frå lokale krefter. Desse hadde vorte avlyst 2-3 dagar før denne kvelden

2006298 Hjelm var beste bukk i Rogaland. Bukken hadde ein avlsverdi på 122 poeng og er ala hos Sissel og Jarle Thomsen. Dei kunne ikkje møta på årsmøtet så Trygve Ravndal mottok pokal og blomar på deira vegne.

200840606 Sivertsakken var beste ver i Rogaland. Veren er ala hos Keth og Sivert Mattingsdal og hadde ein O-indeks på 147, som er delt 4. plass i landet. Keth og Sivert mottok pokal og blomar.

Laurdag 20. februar 2010.

Val

Valet vart innleia av leiar for valnemnda, Guttorm Gudmestad.

Møteleiar Sigmund Skjæveland leia valet. Alle valregionar var representerte. Det vart talt opp 49 personar med stemmerett.

Resultat frå valet:

- **Leiar for eitt år: Ole Jonny Espevold.** Ingen forslag frå salen. Valt skriftleg med 49 stemmer.
- **Styremedlem for 2 år: Øyvind Bergøy.** Ingen forslag frå salen. Valt skriftleg med 45 stemmer, 4 blanke.
- **Styremedlem for 2 år: Siri Kvam Haugland, Time.** Ingen forslag frå salen. Valt skriftleg med 48 stemmer, 1 blank.
- **Nestleiar: Øyvind Bergøy** vart valt for 1 år. Valt skriftleg med 46 stemmer, 3 blanke.
- **1. vara til styret: Per Johan Lyse,** Nedstrand vart valt for 1 år.
- **2. vara til styret: Toril Undheim,** Nærbø vart valt for 1 år.
- **3. vara til styret: Peder Ravndal,** Gjesdal vart valt for 1 år.

Val av revisor for 2 år:

Tor Olav Gya, Helleland med Andre Kjørmo som vara, begge valde for 2 år.

Møteleiar 2011.

Sigmund Skjæveland, Bjerkreim vart valt.

Godtgjersle til tillitsvalde.

Det vart gjort rede for reglane for utbetaling av godtgjersle: *Det skal ikkje betalast arbeidsgivaravgift av lønn o.l. frå veldedige eller almennyttig institusjon viss utbetalingane ikkje overstiger kr. 45.000 pr.arbeidstaker pr. år og kr. 450.000 totalt pr. år.*

Forslag frå valnemnda på nye satsar på godtgjersle til tillitsvalde:

	<i>Har vore:</i>	<i>Nytt forslag fra 2010:</i>
Leiar	kr 25 000,00	kr 30 000,00
Kasserer	kr 15 000,00	kr 18 000,00
Nestleiar	kr 8 000,00	kr 9 600,00
Andre styremedlemmar	kr 4 000,00	kr 4 800,00
1. vara	kr 4 000,00	kr 4 800,00

I tillegg har alle styremedlemmar hatt ei godtgjersle på kr. 750,- pr. dag ut over 30 dagar. Valnemnda foreslo å auka denne godtgjersla til kr. 1.500,- pr. dag ut over 30 dagar. (Dette er ei godtgjersle som svært sjeldan vert utbetalt) Dessutan foreslo valnemnda å gje ei godtgjersle på kr. 1.500,- pr. dag frå dag 4 til andre tillitsvalde.

Foreslåtte satsar frå valnemnda vart vedtekne.

Ny valnemnd.

Valde på årsmøtet i 2009:

Nord Rogaland: Hallgeir Rønnevik, Vikedal og Imsland med Jan Byrkja, Skjold som vara.

Dalane: Ola Audun Svela, Bjerkreim med Knut R. Thunheim, Lund som vara.

Valde på årsmøtet i 2010:

Sør-Jæren: Svein Varhaug, Sør-Jæren med Jarl Nord-Varhaug, Sør-Jæren som vara.

Nord-Jæren: Rolf Røynlid, Sandnes med Trygve Ravndal, Gjesdal som vara.

Ryfylke: Bjørn Laugaland, Hjelmeland med Ola Jordebrenk, Suldal som vara

Ole Jonny takka årsmøtedeltakarane for ny tillit.

Handlingsplan.

Ole Jonny gjekk gjennom arbeidsplanen for 2010.

Trygve Ravndal kommenterte at Fjelldagane dette året går til Wales, og spurte om det var ein tanke å ikkje reisa så langt så ofte. Det vart dyrt for dei unge. Hadde RSG tenkt på alternativ tur? Svaret var at det ikkje var alternativ tur.

Harald Sleveland lurte på kor mange som hadde meldt seg på turen. Til det kunne Leif sei at 131 var påmelde og at mange av dei var unge.

Handlingsplanen vart godkjent.

Budsjett 2010.

Leif gjekk gjennom budsjettet, som hadde eit underskot på 19.500,-.

Knut Thunheim spurte om det vart søkt om å få refundert momsen. Til det var svaret nei.

Budsjettet vart godkjent.

Jordbruksforhandlingane.

Øyvind Bergøy las opp kva RSG skulle senda inn.

Kjell Åge Thorsen ba om at lokallaga måtte få kopi av uttalen.

Synnøve Vatn Animalia. Sjukdomssituasjonen og førebygging smitte.

Synnøve Vatn, prosjektleder for Friske føtter, sa ho tykte det var gildt å få koma til Rogaland. Ho byrja med å visa ein video som viste kva som var tegn på sjuk sau. Typiske tegn på at sauen har forråte er ”nikking” med hovudet og halting når den går. Fotråte er ein smittsam infeksjonssjukdom i klauv og klauvspalte hos sau og geit. Den kan føre til alvorlig halting og smerter, redusert produksjon og økte kostnader. Lamma vert spesielt hardt ramma. Storfe kan og få sjukdommen.

Etter at det hadde vorte påvist forråte i Hallingdal våren 2008, vart fotråte (*dichelobacter nodosus*) påvist i Rogaland sommaren 2008. Gjennom aksjonen Snu sauen vart dyr i 4500 besetningar snudde. Av desse var det mistanke om forråte i 1300 besetningar. I 530 av desse besetningane var det positive prøvar. Desse besetningane vart båndlagte. Det var imidlertid stor variasjon i sjukdomsbildet, og (manglande) sjukdomsutvikling indikerer at det i dei fleste av flokkane mest sannsynlig er lavvirulente bakteriar (*mild type*) som er tilstede. Dei fleste av desse besetningane er undersøkt på nytt ein eller fleire gonger i løpet av 2009, og har dersom det ikkje er funnet teikn til alvorlig fotråte, fått oppheva den offentlige bandlegginga. Av fotråtebakterien er det viktig å skilja mellom aggressive (virulente) og lite aggressive (lavvirulente) bakterier. Saneringsprogrammet som vart iverksatt hausten 2008 har vist at det er vanskeleg å verta kvitt dei lavvirulente bakteriane ved fotbad. Synnøve Vatn sa at denne typen forråte truleg har vore her ei god stund, og at næringa nok må leva med denne varianten, som ikkje fører til alvorleg sjukdom. Men denne typen fotråte kan og sjå stygg ut dersom bakterien har gunstige forhold t.d. dyra går på fuktig underlag.

Gjennom Snu sauen viste det seg at Rogaland var spesielt hardt ramma av alvorleg smittsam fotråte. Dyretettheten her er stor og utfordringane med å hindra smitte likeså. Det er viktig å tenkja på å hindra smitte ved:

- Livdyrsalg (inklusive bytte av værar)

søyer (etter dispensasjon)

Verer (vaksne/vêrlam)

- Veraringar
- Fellesbeiter m/sanking/skilling

Vanlig

Husmorbeiter

- Kåringar
- Storfe, folk, bikkjer osv.

Aktuelle tiltak er å redusera livdyrkjøp til det minimale. I tillegg til fotbad er det ved kjøp/sal viktig med grundig undersøking av klauvene, og haltar eit dyr må det fyljast nøye med!

Eigenerklæring frå selger er og viktig. Det er nå og spørsmål om Rogaland skal få ei eigen soneforskrift. I det høvet kan vererinærattest ved omsetning koma.

For veraringane er det viktig å sjekka verene før sirkulering, og livdyr må ikkje tas inn i ringen. Fellesbeita er ein føresetnad for sauehald i landet og må beskyttast. I og med at dyretettheten her er langt mindre enn på heimebeitet er og smittefaren redusert. Men det er viktig å ha mindre flokkar i skillegardane samtidig og underlaget her bør vera tørrast mulig.

På husmorbeita (fellesbeite i lågare områder for søyer som er fråtekne lamma) blander dyra seg meir og faren for smitte er derfor større. Det er viktig å fylja med korleis dyra oppfører seg og melda frå ved mistanke om smitte. Andre tiltak er å halda gjerda i orden og skifta sko når ein går inn i sauhuset.

For å få bukt med den aggressive fotråten er det nødvendig å lage mindre "smittegrupper", altså redusera kontaktbesetningar til det minimale. I tillegg er det viktig at dyra har det tørt slik at bakteriane har dårlegast mulig forhold.

Kjell Åge Thorsen lurte på om dei lite aggressive bakteriane kunne behandlast. Synnøve sa at den type bakterie måtte me læra å leva med. Dei har me truleg hatt i mange år. Det vart ellers kommentert frå Rennesøy at Friske føtter, som har kjennskap til kva for besetningar på Rennesøy som er ramma, burde samarbeida med Mattilsynet. Synnøve svarte då at dei hadde stort arbeidspress.

Trygve Ravndal sa at i Gjesdal veraring hadde dei fotbada og gjort "alt rett". Likevel hadde den sauabonden i ringen som ikkje hadde hatt sauene ute av garden på 40 år fått fotråde. Skifting av sko vert i praksis berre ikkje gjort. Restriksjonane er så lange som eit vondt år. Synnøve sa då at fotråde er veldig vanskeleg. Snuing er ikkje nok til å sei at ei besetning ikkje er smitta. Veterinærattest er heller ingen garanti. Medlemmar i veraringane som kjøper dyr utanfor ringen får 18 månaders karantene før dei kan delta i ringdrifta. Kulturbeite er eit mykje "tettare" beite enn på fjellet, og 1 time på kulturbeite saman med eit smitta dyr, kan vera nok til å få smitte. Me skulle gjerne hatt ein enkel test for å påvisa smitte, men det har me ikkje.

Bjørn Høyland sa at me ser kor vanskeleg dette er, og det er viktig at heile næringa legg seg i selen for å verta fri den aggressive fotråtebakterien.

Trygve Ravndal viste til ein skotsk veterinær som hadde sagt at veterinærane brukte same tanga frå dyr til dyr utan å desinfisera.

Siri Kvam Haugland meinte at det var ein selvfølge at alle som går i grisehuset må skifta, og det burde vera like selvfølgeleg i sauhuset. Det var veldig viktig å kjempa mot smittespredning. Dersom ho fekk fotråde på ny, - ja då ville ho slutta med sau.

Knut Thunheim sa at veraringar nok kan spreia smitte. Han viste til at i Lund leier veraringen ut ver til medlemmane i verahaldarlaget. Etter endt sesong og før 1. mars vert desse verene slakta.

Per Johan Lyse likte ikkje at det vart fokusert på ringar som smittekjelde. Kjøp av livdyr inn i ring skal ikkje forekoma. Medlem som kjøper skal ekskluderast. Rekruttering skal foregå ved semin.

Ole Jonny peika på at villsau utan gjerder var eit problem. Dei som forvalter har vel også eit ansvar.

Per Johan var oppteken av at dei som sel mykje ofte har god kontroll og ikkje burde ha strengare regler enn dei som sel eit par verer. Veterinærattestar kan kontrollerast og Mattilsynet kan kontrollera og følgja opp.

Synnøve sa at norsk sau var robust og fruktbar. Står sauene tørt etter bad, dauer bakteriane. Halting må me ikkje godta. Synleg teikn på sjukdom er smertefullt for sauene. Fotråde er ein B-sjukdom og alle har opplysningsplikt. Næringa er tjent med at det varslast, om så anonymt, ved mistanke om sjukdom. Som saueeigar har du også plikt til å melda frå til Mattilsynet.

Ole Jonny takka Synnøve for innlegget og gav Synnøve boka "Frå tase til kjendis".

Karluf Håkull frå Nortura gratulerte RSG med eit fint årsmøte. Han lova at viss det var behov for klyppekurs så stiller Nortura opp. Møtet i Ølen var eit godt møte. Han ynskte lukka til vidare.

Hilde K. Håland frå Fatland takka for at dei vart inviterte og sa at det var viktig å fokusera på det positive og viste til s. 53 i årsmeldinga.

Etter 10 år i styret sa Leif Matnisdal frå seg attval. Ole Jonny takka han for innsatsen, og sa at Leif har vore ein utroleg fin fyr å ha med i styret. Som kasserar har han spart RSG for mykje pengar. Han overrekte slirekniv, RSG si krus og blomar.

Marie Fuglestad skal slutta som sekretær, og Ole Jonny takka for innsatsen og overrekte RSG si krus og blomar.

Til slutt takka han Sigmund Skjæveland for god møteleiing og overrekte blomar.

Han ynskte så alle vel heim!

Sigmund Skjæveland	Jon Egil Østerhus	Knut Thunheim
Møteleiar	Suldal Sau og Geit	Lund Sau og Geit

[Tilbake](#)